NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emne nr. 12 — Fylke: Vestfold

Emne: Gamal engkultur — Herad: Sem

Oppskr. av Andreas Ropeid — Sokn: Sem.

Etter Lars Fritzö, f. på Frezje (Fritzö) 1885; bonde der.

1. Eng. Utslåtter hev det ikkje vore i Sem i hans tid, det han kjenner til. Som takstmann for Hypotekbanken hev han sett rester etter rønningar i skogen. Dei hev vore nytta til beite, men kjenner ikkje til at dei hev vore slått.
Dei pløgjer ekre når dei pløgjer enga. Ekre kan og seiast om eit jordstykke, anten det er åker eller eng.
Dei seier vel helst gjenlegg om det som er lagt etter frøsåda.
Voll (naturleg gras), kløverleng, timoteieng.
Vollhøy, kløverhøy o.l.
2. Det var ubetydeleg det som vart renska av mose o.l.
Pløgjing heldt trea unna jordet. Langs bekker og gjerde vart dei hogd ned.
3. Dersom enga vart så gammal at det voks mose i henne, så pløgde dei.
I all hans tid hev dei sådd grasfrø. Dei sette igjen til frø sjølve, og kjøpte om det ikkje vart nok. Det var vanleg på alle garda.
4. Det hev vore grøfta i all hans tid. Det var mest svenskar som gjorde det, faren hadde slike i arbeid mens L.F. gjekk i skulen. Dei var frå Båhuslän og til dels frå Värmland; kom om våren med spaden på nakken og søkte etter arbeid – grøfter og steingard – og drog om hausten.
5. L.F. hev sett gjødsling av eng med naturleg gjødsel, men det var på langt nær det vanlege. Trur mest det var rest etter gammal driftsmåte.
6. Fell burt.
7. Kjenner ikkje til at husa vart plasert etter omsyn til liget.
Det som sig frå dyngen heiter dyngetrekken.
Det vart ikkje gjort noko for å spreia dyngetrekken.
Den delen av jordet som låg bak uthusa og som fekk dyngetrekken over seg, heitte setra.
8. Fell bort.
9. Dei beitte ikkje enga om våren

Dei beitte enga om haustem. Det første han kan minnast sparte dei gjerne, vanlegast oftast, første og annan års eng for beiting. Dei måtte gjæte.

10. Nå beiter dei heile enga om haustem, deler av med elektrisk gjerde eller piggtråd.

11. L.F. har sett dei spreidde rukene, trur dei brukte jernrive.

12. Det vanlege var at kyr som gjekk på vanleg beite, over-natta heime i fjøset. Nå gjer dei ofte ute heile natta, det var ikkje brukt før. Har sett sommarfjøs, det stod eit like utmed Fyllpå. Det var ikkje mange av dei. Det var helst små skur der kyrne kunne ty inn for kleggen og der ungkrøtter kunne vera med natta. Trur knapt det vart mjølka der.

13-18. Ukjent.

19. Frå Borre kjenner han „Sammiteppa". Det var dyrka jord som høyrde til Samme hovedgård, men låg eit styk[ke] på garden. Den var dyrka og låg inn til skogen. Husker ikkje om det var gjerde omkring. Ligg like ved Skoppum.

21. Det v ikkje sæter i Sem.

22. Ukjent.

9617

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING